



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen  
Stortinget  
0026 Oslo

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/1707-

17. april 2026

**Fråsegn til representantforslag frå stortingsrepresentantane Siren Julianne Jensen, Une Bastholm og Oda Indgaard om strakstiltak for å sikre norsk film- og serieproduksjon og hindre kompetanseflukt frå bransjen - Dokument 8:166 S (2025-2026).**

Eg viser til brev dagsett 18. mars 2026. I brevet ber familie og kulturkomiteen om ei fråsegn til representantforslag frå stortingsrepresentantane Siren Julianne Jensen, Une Bastholm og Oda Indgaard om strakstiltak for å sikre norsk film- og serieproduksjon og hindre kompetanseflukt frå bransjen – Dokument 8:166 S (2025-2026).

Forslaget lyder:

- «1. Stortinget ber regjeringen gjennomgå insentivordningen for film- og serieproduksjon, foreslå tiltak som gjør ordningen mer forutsigbar, herunder vurdere om ordningen bør gjøres regelstyrt, og komme tilbake til Stortinget på egnet vis innen 1. juli 2026.
2. Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer at investeringer i norske audiovisuelle produksjoner faktisk bidrar til produksjonsaktivitet i Norge, herunder gjennom krav til innspilling i Norge og bruk av norsk produksjonskompetanse.
3. Stortinget ber regjeringen foreslå næringspolitiske virkemidler som styrker Norges mulighet til å tiltrekke seg internasjonale filmproduksjoner.
4. Stortinget ber regjeringen vurdere midlertidige tiltak for å sikre inntektsgrunnlaget for selvstendig næringsdrivende og frilansere i film- og TV-bransjen i perioder med ekstraordinært lav aktivitet.»

## Vurdering av forslaget

Regjeringa sine mål for filmpolitikken er å legge til rette for:

- «sterke og økonomisk bærekraftige bransjer med nasjonal og internasjonal gjennomslagskraft
- filmer, serier og dataspill av høy kvalitet
- filmer, serier og dataspill som gjenspeiler hele befolkningen
- et bredt og variert tilbud, og en tilgjengelig, trygg og inkluderende film- og dataspillkultur i hele landet»

Regjeringa har prioritert å styrke verkemidla for utvikling, formidling og distribusjon av norsk film og har styrkt løyvingane til filmformål, særleg ordningane under Norsk filminstitutt og regionale filmverksemdar, med over 200 mill kroner sidan 2021.

Dei filmpolitiske verkemidla skal stimulere til ein berekraftig filmbransje. I og med at ein betydeleg del av filmproduksjonen i Noreg mottar offentlege tilskott er det rimeleg å forvente at ein vesentleg del av produksjonane som mottek støtte finn stad i Noreg, slik at dei er med på å sikre produksjonsaktivitet her til lands.

Samtidig opererer norske audiovisuelle produsentar i ein konkurranseprega global marknad i sterk vekst, der viktige kjelder til finansiering ligg utanfor Noreg. Dette er ein langsiktig trend som er styrkt dei seinare åra og som fell saman med framveksten av globale strøymetenester og insentivordningar i svært mange land og regionar. For at norsk film skal vere konkurransedyktig og hevde seg på marknaden, som kulturprodukt og investeringsmoglegheit, er det sentralt at norske filmproduksjonar kan nytte internasjonale finansieringskjelder. Det er eit mål at norsk film skal auke andelen internasjonal finansiering.

Samtidig er det eit grunnleggjande trekk ved filmbransjen at etterspurnaden etter arbeidskraft i høg grad er knytt til filmprosjekt med avgrensa varigheit. Når økonomiske konjunkturar og teknologiske og strukturelle endringar i tillegg påverkar bransjen negativt forsterkar det tilgangen på arbeid ytterlegare. Etter mitt syn er det viktigaste verkemiddelet for å sikre sysselsetting og aktivitet i bransjen å vidareføre et føreseieleg og høgt nivå på dei offentlege løyvingane til film- og dramaproduksjon, slik regjeringa gjer.

Eg er glad for det engasjementet forslagsstillarane viser for filmbransjen gjennom å fremme desse forslaga. Det er eit engasjement regjeringa deler. Eg er derimot ikkje overtydd om at dei tiltaka som ligg i forslaget er rett verkemiddel. Fleire av forslaga har dessutan økonomiske konsekvensar i form av økte utgifter for staten. Eg meiner derfor det er riktig å komme tilbake til disse spørsmåla i budsjettssamanheng.

Eg vil knytte nokre merknader til i dei fire konkrete punkta i representantforslaget:

**Til 1. «Stortinget ber regjeringa gjennomgå insentivordninga for film- og serieproduksjon, foreslå tiltak som gjer ordninga mer forutsigbar, herunder vurdere**

**om ordningen bør gjøres regelstyrt, og komme tilbake til Stortinget på egnet vis innen 1. juli 2026.»**

Eg kan opplyse om at regjeringa allereie i 2023 fekk gjennomført ein gjennomgang som inneheld dei elementa forslagsstillarane etterspør. Denne analysen, utarbeidd av det internasjonalt anerkjente konsultentselskapet Olsberg SPI, tilrådde ein stegvis auke av ordninga – ikkje ei regelstyrt ordning.

Eit av tiltaka Olsberg tilrådde var å gjennomføre ein analyse av kapasitet og kompetanse i filmbransjen, med sikte på å avgjere om det er kapasitet nok i bransjen til å absorbere eit auka aktivitetsnivå dersom ramma for ordninga blir utvida. Som ledd i oppfølginga av denne tilrådinga ga Norsk filminstitutt Menon i 2025 i oppdrag å utføre ei slik analyse. Det er same analyse som forslagsstillarane refererer til i representantforslaget. Menon peika på at det har vore ei nedgang i talet på oppdrag i åra etter 2022/2023, men at nedgangen truleg er forbigåande. Menon tilrådde ikkje at staten etablerer tiltak på kort sikt, fordi det gjennomgåande er vanskeleg å lage verkemiddel for å demme opp for kortare svingingar i ei næring. Menon meinte derimot at det på mellomlang sikt kan vere fordelaktig å prioritere produksjonar med hovudsete i Noreg høgare i insentivordninga.

Eg har saman med næringsministeren avtalt eit møte med sentrale produsentar og bransjeaktørar 22. april som ledd i ein dialog om korleis vi kan utvikle og styrkje insentivordninga for film- og serieproduksjonar i samsvar med formålet med ordninga. Eg har dessutan gitt Norsk filminstitutt i oppdrag å greie ut moglege endringar i insentivordninga med sikte på å styrkje og gjere ordninga meir formålstenleg.

Samtidig er det viktig å minne om at ein auke av ramma til ordninga er eit budsjettspørsmål og at ein eventuell auke må bli vurdert opp mot andre tiltak. Eg finn det derfor naturleg å komme tilbake til dette spørsmålet i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Ingen av partia på Stortinget prioritert verken ei regelstyring eller (med unntak for Venstre) ei kraftig auke av insentivordninga i sine alternative statsbudsjett.

**Til 2. «Stortinget ber regjeringa foreslå tiltak som sikrer at investeringar i norske audiovisuelle produksjonar faktisk bidrar til produksjonsaktivitet i Norge, herunder gjennom krav til innspilling i Norge og bruk av norsk produksjonskompetanse.»**

Eg legg til grunn at forslaget sikter mot å ta inn eit vilkår i investeringsplikten som sikrar at produksjonar faktisk blir produserte i Noreg.

Det var eit breitt fleirtal i Stortinget som for eitt år sidan vedtok krava som ligg i kringkastingslova § 2-23 andre og tredje ledd, og som definerer kva produksjonar som kvalifiserer som norske audiovisuelle verk. Desse vilkåra er identiske med vilkåra i forskrifta som regulerer tilskot til spelefilm, kortfilm, dokumentarar og dramaseriar frå Norsk filminstitutt og dei regionale filmverksemdene. Gjeldande forskrift inneheld ikkje vilkår om at

ein viss andel av tilskotsmidlane til produksjon av film og TV-drama skal nyttast i Noreg. Sjølv om reglane i teorien opnar for at tilskot kan gå til produksjonar som har lav tilknytning til Noreg, går tilskotta i realiteten i all hovudsak til norske produksjonar på norsk språk som nyttar norsk kompetanse og gjer opptaka i Noreg.

Norske myndigheiter kan, med nokre avgrensingar, stille krav om at ein viss andel av budsjettet eller dei offentlege tilskotta skal nyttast i Noreg. Det er derimot ikkje gitt at eitkvart slikt vilkår vil vere EØS-rettsleg akseptabelt. Til dømes måtte den danske regjeringa, etter at EU-kommisjonen stilte spørsmål ved det EU-rettslege grunnlaget, ta ut vilkår i deira opphavslege forslag til lovregulering av kulturbidraget, som innebar krav om forbruk og/eller opptak i Danmark som kriterium for at verk blir godkjende som «dansk innhald».<sup>1</sup> I tillegg til dei formelle EØS-rettslege skrankane, er eg uansett i tvil om eit krav om innspeling i Noreg vil vere med på å styrkje den filmpolitiske måloppnåinga. Det er vanskeleg å utforme balanserte og formålstenlege vilkår om forbruk innanlands som ikkje samstundes gir utilsikta utslag. Filmfinansiering er i aukande grad internasjonal. Det er ikkje dokumentert nokon tendens til at norske spelefilmproduksjonar i aukande grad gjer opptak utanlands. Mange internasjonale finansieringskjelder, særleg insentivordningar og regionale fond, stiller krav om forbruk i landet som tilbyr ordninga. Også for samproduksjonar er det normalt eit krav at opptak må skje i landa som deltek i finansieringa. Dersom vi snevrar inn tilgangen norske produsentar har til internasjonal finansiering, vil det samtidig innskrenke mogleighetene norske produsentar har til å finansiere sine produksjonar. Denne typen vilkår vil såleis ha ein kostnad. Dersom norske myndigheiter introduserer slike vilkår, må vi og ha eit svar på korleis ein skal kompensere for eventuelt bortfall av internasjonal finansiering.

Eg tilrår ikkje å ta inn eit krav om at film- og dramaproduksjonar må vere produserte i Norge for å kunne kvalifisere som norske audiovisuelle verk. Stortinget sitt vedtak om investeringsplikta legg opp til at plikta trer i kraft frå årsskiftet 2026/2027. Ei endring som foreslått her vil krevje at det blir utarbeidd eit nytt lovforslag, ny alminneleg høyring og ny handsaming i Stortinget. Ein slik prosess vil innebere ei utsetting av investeringsplikta på minst eitt år.

Eg viser vidare til at eit breitt fleirtal i Stortinget i eit oppmodingsvedtak i samband med lovvedtaket om å etablere ei investeringsplikt føresette at regjeringa skal evaluere reguleringa av investeringsplikta i kringkastingslova seinast etter at ho har verka i tre år, jf. Innst. 117 L (2024-2025). Eg meiner det er tilrådeleg å vente til evalueringa av ordninga før ein innfører nye vilkår som ein ikkje kjenner effekten av. Som ledd i denne evalueringa er det naturleg at regjeringa vurderer om det er naudsynt å endre reglane, dersom det viser seg at verk som kvalifiserer som norske audiovisuelle verk ikkje bidrar til å oppfylle dei filmpolitiske måla, til dømes dersom dei ikkje bidrar stort til produksjonsaktivitet i Noreg.

---

<sup>1</sup> [L 159 Bilag 11 Brev til KUU.pdf](#)

### **Til 3 «Stortinget ber regjeringen foreslå næringspolitiske virkemidler som styrker Norges mulighet til å tiltrekke seg internasjonale filmproduksjoner.»**

Eg viser til at insentivordninga har som uttrykkeleg formål nettopp å *«bidra til å øke antallet store internasjonale film- og serieproduksjoner i Norge for å fremme kultur, historie og natur i Norge. Ordninga skal også bidra til økt erfaring og kunnskap i den norske og samiske filmbransjen, stimulere til vekst, en bærekraftig norsk og samisk filmnæring og økt internasjonalt samarbeid»*.

Som nemnd tidlegare, har eg innleia ein dialog med bransjen i samarbeid med næringsministeren og gitt Norsk filminstitutt i oppdrag å greie ut endringar i insentivordninga, med sikte på å utvikle og styrkje ordninga i samsvar med formålet.

Regjeringa si filmpolitikk må også ses i samanheng med vegkartet for kreativ næring, som har som mål å auke verdiskapinga innanfor berekraftige rammer – noko som omfattar film og audiovisuelle næringar.

### **Til 4 «Stortinget ber regjeringen vurdere midlertidige tiltak for å sikre inntektsgrunlaget for selvstendig næringsdrivende og frilansere i film- og TV-bransjen i perioder med ekstraordinært lav aktivitet.»**

Det eksisterer allereie generelle ordningar, som skal ivareta næringsdrivande og frilansarar i alle yrkesgrupper og bransjar. Eg meiner det ikkje er god politikk å opprette spesialordningar for sysselsette i film- og tv-bransjen.

Alle som er busette i Norege er som hovudregel omfatta av folketrygda sine ordningar som skal gi økonomisk tryggleik ved å sikre inntekt og kompensere for særlege utgifter ved bl.a. arbeidsløyse. Frilansarar og sjølvstendige næringsdrivande i film- og TV-bransjen har tilgang til folketrygda, på lik linje med frilansarar og sjølvstendige næringsdrivande i andre bransjar.

Tilgangen til ordningane i folketrygda heng saman med kva tilknytning ein har til arbeidslivet og skatteinnbetalingar. Arbeidstakarar og frilansarar har til dømes tilgang til dagpengar, men det har ikkje sjølvstendige næringsdrivande, sidan dei ikkje er tilsette i eigen verksemd og derfor ikkje betaler arbeidsgivaravgift.

Regjeringa har styrkt løyvingane til film med sikte på å bidra til aktivitet i bransjen og til oppdrag til frilansarar og sjølvstendige næringsdrivande. Samtidig utgjer dei statlege løyvingane ein avgrensa del av investeringane i bransjen. På same måte som andre bransjar som til dømes reiselivsnæringa og byggenæringa, er aktiviteten avhengig av fleire faktorar, som investeringar og etterspørsel, som igjen kan være utsette for sesongvariasjonar eller endringar over tid.

I åra fram til 2023 var det høg etterspurnad og det kom relativt store investeringar i norske film- og TV-produksjonar frå internasjonale strøymetenester. Når bransjen no opplever ein

nedgang i etterspurnad og investeringar, gir det utslag i lågare aktivitet og færre oppdrag til frilansarar og sjølvstendige næringsdrivande.

Med helsing



Lubna Jaffery